



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS  
Hagellia 6  
5914 Isdalstø

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6207 - 22/75942

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
04.10.2022

## Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - Gbnr 131/54 Remme

**Tiltak:** Dispensasjon frå byggegrense mot veg  
**Byggjestad:** Remmo 25 og 27 – Gbnr 131/54  
**Tiltakshavar:** Svein Terje Fanebust  
**Ansvarleg søker:** Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av balkong, samt oppgradere byggets fasade.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Nord-vestre del av eksisterende hus på gnr.131/bnr.54 ligger nærmere senterlinje i kommunal veg enn 15m. Omsøkt tiltak dreier seg i hovudsak om oppgradering og ombygging innanfor husets ytre avgrensning, men med unntak av planlagte balkonger på husets sør-vestre fasade – altså i retning mot den kommunale vegen.

Minste avstand mellom vegmidte og utkraget balkong i byggets 2. -og 3.etasje, vil være 11,5m. Siden deler av eksisterende bygg allerede ligger nærmere byggegrensen fra kommunal veg enn 15m, og siden undersiden på de planlagte balkongene vil ligge i overkant av 3,0m over planert terreng mener vi at tiltaket ikkje vil medfører ei vesentlig endring av dagens situasjon. Bygget ligger slik til at kortare avstand til kommunal veg, i praksis, har ingen betydning for vedlikehald av kommunal veg eller ei evt. framtidig utviding av vegen. Vi oppfattar at avstandskrav er satt for å sikre vegmyndie tilstrekkeleg ramme for drift og muligheit for utviding av veg. Vi meiner at omsøkt tiltak ikke legg beslag på - eller begrenser disse rammene.


#### Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eifeltsveg med to køreretningar. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

I søknad er det søkt om dispensasjon frå midt kommunal veg med ei minste avstand på 11,5 meter. Tiltaket er plassert utanfor siktzone og kjem ikkje i konflikt med tekniske krav til avkjørsle frå offentlig veg. Plasseringa gjer også at tiltaket ikkje kjem i konflikt med drift og vedlikehald av kommunal veg og veggrøft.



#### Sammendrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg med avstand på minimum 11,5 meter frå midt kommunal veg som omsøkt. Løyve vert gitt på vilkår.

#### **Vedtak:**

Med heimel i Veglova §§40-43 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på gbnr 131/54. Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum **11,5 meter** som omsøkt.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot kommunal veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket, er dette tiltakshavar sitt ansvar. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadane.

**Vi gjer merksam på at løyve berre gir rett til å plassere tiltak innanfor byggegrense mot veg ihht Veglova. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhente nødvendige løyver for etablering av tiltak.**

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatretslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36.

Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer.

Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing  
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Byggesak v/sakshandsamar

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børtveit &  
Carlsen As

Hagellia 6

5914

Isdalstø